Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10 I

Tilleggsspørsmålnr. 10 II

Emne: Lyngjing. Mosing.

Oppskr. av: E. Tidemann.

(adresse): Kjerringøy

Fylke: Nordland

Herad: Kjerringøy

Bygdelag: Os.

Gard: Stranda.

G.nr. 46 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både og

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Lærar & bonde f. 25-3-1883.

SVAR

I Eg har budd her i bygda i 27 år. I den tida har det vore lyngjing berre ein og annan gongen som eit tilfelle, men ikkje på dei siste 10-15 åra. No trur eg ein må seia at lyngjinga er gått over i soga. Folka har lært å dyrka jorda så dei no får meire fór. Dei har og lært at alt attåtfór er berre livberging, ikkje noko til å gi avdrått av. Vidare er det no så lite manne-makt på kvar gard at ingen kan ha större buskap enn ein kan fóra med höy. „Å dra attåt" er det difor heilt slutt med her i bygda og eg trur mest i heile Nordland.

For 20-30 år sidan var det nok noko lyngjing om ikkje så mykje at ein kan seia det var vanlig skikk. Det var tanget og taren som var attåtföret om det vart lite höy for nokon her i bygda. Inne i fjordane var lyngjinga både meir vanleg og har haldi seg lenger. Inne i Foldfjordane råka eg på lyngjing for 30-35 år sidan.

1. No er det ingen som sankar lyngjingen

1676

brukar lyng som attåtfôr no lenger. Det vart heller ikkje sanka lyng under siste heimskrig.
2. I den tida ~~att~~ lyng vart bruka vart han sanka – anten om haustên eller om våren medd det same snöen rann av. Ville ein vinterföra meir kretur enn ein hadde höy til vart det lynga om hausten. Men var det först ut på vinteren det syntes seg at det vart snaut med föret vart det lynga om våren. Arbeidet vart nemnd at dei lynga eller at dei var i lyngskogen.
3. Lynget vart rive laust med handa, skore med sigd eller kniv. Eg har ikkje kjennskap til at ljå vart bruka.
4. Det var helst kvinnene som var i lyngskog mykje av den grunn at lynginga måtte bli gjort i mars–april og då var mannfolka i Lofoten.
5. Kor ofte ein kunne ta lyng på same staden var ikkje noko fast. Men visst var det at dei kunne ikkje gå til same staden år etter år
6. Den lausrivne lyngen vart stappa i sekkar og oftast boren heim på ryggen
7. Vart lyngen tatt om våren vart han föra opp etter kvart. Vart han derimot tatt om hausten vart han lagt inn i eit skur, ein sjå e. l. – og trödd godt saman. Sidan vart det lagt bord opp på dungen (laet) med stein på. Lyngen måtte ikkje få turkast
8. Det var helst kyrne som fekk lyng, for dei åt alt, ikkje berre baret, men og stilkane. Både sauene og geitene åt òg lyng, men dei skrella ut dei tjukkaste stilkane

1676 1676

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

III

Ingen föra noko dyr meir berre lyng, men saman med höy eller anna för. Det eg veit var det ikkje tale om å hakka lyngen. Var han grov, fekk kyrne han, var han fin, fekk smalen han. Kor myk je kvart dyr skulle få av lyng gjorde büdeia av etter omsyn til kor mykje anna för hadde. Kor mykje var rekna som vinterfor til ein smale er üvisst å nemna noko om, då lyng vart tatt berre år om anna og ikkje det heller og alstött berre som naudför.

9. Folka heldt rösslyngen for godt för. Ei mjölkakü törka ikkje av om ho fekk lyng, ho åt han godt og smöret fekk ein fin raudgül let.

B. Lyng som beite

Noko serskild lyngbeiting har vi ikkje kjenskap til her, korkje haust, vinter eller vår, og aldri har det i manns minne henda at nokon sop snöen av for at dyra skülle få tak i lyngen. Det har nok langt att i tida, ein 70–80 år sidan, vore noko svelteföring på ymse gardar. Men skülle det verta tatt attåtför av noko slag vinter eller vår var det skav og tang eller tare.

II. Mosing.

Eg har ikkje kjenskap til mosing her i Nordland i bygdine Sannessjöen i sör til Andines i Nord, d. v. s. mosing til för åt dyr av noko slag. Eg har heller ikkje höird om at det var sanka mose i gamle dagar.

Herringbotn i mai 1948

E. Tidemann

1676
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING